

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

7. søndag i treeiningstida – 19. juli 2020

Preiketekst: Luk 15,1-10

Lesetekst I: 1 Mos 16, 1-13

Lesetekst II: 1 Joh 4,7-10

Mista og funne

På dei fleste flyplassar kan me følga skilt til ei avdeling som heiter «Lost and Found». Dette uttrykket kan vera tema for denne søndagen. I tillegg har evangelieteksten fokus på den store gleda hos Gud over at det mennesket som var mista, blir funne.

Dagens bøn i liturgien for Den norske kyrkja gjer det tydeleg at dette dreier seg om oss/meg, ikkje om alle andre: «Evige Gud, du ser oss alltid. Vi bed deg: Rop på oss når vi vil skjula oss for menneske og for deg, så vi får mot til å leva synleg for ditt nådige blick ...»

Kaj Munk skriv i ei preike over teksten: «Det er en svimlende tanke at jeg kan gjøre Gud bedrøvet, at jeg kan gjøre Gud glad! Jeg – Gud. Enten er dette alle galskapers galskap, eller så er det den galskap som heter sannhet. Den er stor nok til å være det. Jesus har forvissnet oss om at den er det.» (Kaj Munk: Ved Babylons floder. Oslo 1945. Side 96).

Lesetekstane

Teksten frå Første Mosebok handlar om Ismaels fødsel og det som skjedde før fødselen. Her les me om familieproblem og flukt, men også om Guds omsorg for slavekvinna Hagar. Ein Herrens engel finn henne i ørkenen. Ho får høyra at ætta hennar (gjennom Ismael) skal bli så stor at ingen kan telja henne. Teksten fortel at Gud både høyrer og ser. Namnet Ismael betyr Gud høyrer. Og her finn me den vakre detaljen at Hagar gir Gud eit namn: Du er ein gud som ser meg. Ho er den første personen i Bibelen som gir Gud eit namn.

Svein Tindberg har gjort dette stoffet godt kjent blant mange gjennom førestellinga og boka Abrahams barn. Forlaget begynner omtalen av boka slik: Ein mann. To søner. Tre religionar. Dette er sjølv sagt godt formulert. Men eg trur likevel det er meir korrekt å omtala Ismael som stamfar for arabarane enn for muslimane. Eg veit

at Ismael har ein viktig plass i islam. Men også kristne arabarar ser på Ismael som sin stamfar.

Teksten frå Johannes' første brev er ein sentral tekst om Guds kjærleik og om den kjærleik me skal visa kvarandre. Her finn me det spesielle uttrykket Gud er kjærleik. Og her blir Guds kjærleik utgangspunkt for hans handling til frelse. Me kunne også seia utgangspunkt for at Gud leitar etter oss menneske og finn oss.

Evangelieteksten

Teksten består av ei innleiing og to parallelle likningar. Den følgande likninga om sonen som kom heim (vers 11-32) høyrer eigentleg også med i samanhengen. Vers 1-2 er nøkkel til å forstå likningane. Det går ei linje tilbake til 7,29-30 der dei same skiljelinjene i folket er knytt til kven som tok imot døyparen sitt bodskap. Tollarane og syndarane representerer i desse tekstane dei fortapte, dei som var mista, men som blir tatt inn i Gudsfolket igjen, i kapittel 7 gjennom Johannesdåpen og i kapittel 15 gjennom bordfellesskapet med Jesus.

Lukas har formulert dei to likningane slik at dei er heilt parallelle. Tematisk består likningane av å mista, å leita, å finna, å kalla saman vener og naboar og å gleda seg. Mannen og kvinna si glede blir utgangspunkt for å seia noko om gleda i himmelen over éin syndar som vender om. Dette blir igjen ein kontrast til farisearane og dei skriftlærde si murring i vers 2. Det er typisk for Lukas å gjera forteljingar om menn meir innhaldsrike og verdifulle ved å supplera med ei tilsvarande forteljing om kvinner, jfr 1,5-7; 2,25-38; 4,24-27; 8,1-3 m.fl.

Gjetaren med sauene over skuldrane er eit kjent og kjærte motiv. Matteus har også med likninga om den eine sauene og dei nittini (18,12-14), men der har forteljinga eit litt anna fokus. Matteus har heller ikkje med detaljen om at mannen tar den bortkomne sauene på akslene sine. Lukas brukar bevisst ord som framhevar nærleik og berøring, jfr velkomsten sonen fekk i vers 20. Viktig bakgrunn for gjetarmotivet er Salme 23 om Herren som gjetar og Esekiel sine profetiar om dei dårlege gjetarane og den gode, Esek 34. Her står det blant anna: «Eg vil sjølv leita etter sauene mine og ta meg av dei» (Esek 34,11). Elles er sjølv sagt Jesu ord om seg sjølv som den gode gjetaren, ein viktig referanse (Joh 10,11 ff).

Kaj Munk har i den tidlegare nemnte preika ei lita forteljing som fint får fram at likninga i vers 8-10 kan ha vore basert på vage minne frå Jesu barndom i Nasaret. Han fortel om då Jesus som barn opplevde at mora fortvila leita etter ein mynt ho hadde mista og om koss ho gleda seg saman med nabokonene då ho hadde funne den.

Forteljinga er lett omskriven og lettare tilgjengeleg hos Sjur Isaksen, som kommenterer slik: «Det er den danske dikterpresten som på denne måten har sett

for seg hvordan en hendelse i Jesu ukjente barndom, kunne ha gitt motiv til Jesu egen forkynnelse av Guds rike. Hvem vet? Trolig skjedde det mye i Jesu liv som var med på å forme ham til det oppdraget han var bestemt til fra tidenes morgen. Her er det den oppsøkende, søkende Gud som tegnes for oss. Den Gud som må bruke ufullkomne bilder for å antyde hva et menneske er verdt.» (Sjur Isaksen: Ordet gjennom året. Oslo 2013. Bind 1, side 144).

Tankar til forkynninga

Ei preike kan gjengje likningane si tankerekke: å mista, å leita, å finna, å samla vener i glede. Me kan eventuelt bruka Kaj Munk si forteljing frå Jesu barndom. Her kan me også bruka personlege erfaringar og minne, og forkynna den Gud som leitar og finn.

Eit anna forslag er å følge Carl Henrik Martling sin disposisjon: Han är syndares vän. A. Han tar emot den som kommer. B. Han söker den som inte kommer. C. Han gläder sig över alla som kommer. (Martling: Mitt i verkligheten. Göteborg 1983. Bind 2, side 30).

Arne Berge

Sokneprest i Hinna, Ytre Stavanger prosti

berge.arne@gmail.com